GrøntProdusentenes Samarbeidsråd

Org.nr. 982 063 698
Schweigaardsgt. 34 F
0191 Oslo
Tlf. 975 38044
E-post: morten@grontprodusentene.no

GPS Avsetningstiltak: Bjørn Eidhammer
Postboks 227, 4066 Stavanger
E-post: bjorne@grontprodusentene.no
Tlf. 913 67981

Landbruksdirektoratet
Avd. Handel
Postboks 8140 Dep
0033 Oslo

Avsetningstiltak hagebruk - rapport for gjennomføring av marknadsregulering for potet av 2014 års avling.

Omsetningsrådet gjorde, etter søknad frå GPS i møte den 12.12.2014, vedtak om at det kunne gjennomførast avsetningstiltak for norske poteter av 2014 års avling. Det vart gjort vedtak om at inntil 5.000 tonn matpotet av sorten Asterix, med ei samla økonomisk ramme på 11 208 150 kr, kunne regulerast.

Reguleringa har skjedd ved at potetene har blitt levert til HOFF, Norske Potetindustrier som råstoff i potetmjølproduksjon. Før søknaden vart sendt til Omsetningsrådet, var det gjort avtale med HOFF Norske Potetindustrier om vilkår for leveringa.

Tildeling av kvoter:

Etter at vedtak var gjort i Omsetningsrådet, vart det sendt ut informasjon om marknadsreguleringa til dei godkjente omsetningsledda som hadde gitt opp lagerbehaldning av potetsorten Asterix pr 1. november. 5 omsetningsledd meldte tilbake om behov for å regulere og har levert potet til regulering.

Ut ifrå innmeldt overskot av potet, vart det tildelt kvoter for regulering. Tabellen nedanfor viser tildelt og levert kvantum i tonn.

	Tildelt kvote	Levert kvantum
COOP, Norge	850	423
Gartnerhallen	2500	2 950
Hadelandspakkeriet AS	150	130
ICA	1 000	1 035
Strand Unikorn	250	240
Sum	4 750	4 779

Fordi det reelle kvantumet av matpotet ikkje vart bestemt før partiet var innlevert og prøvetatt, vart det i første omgang tildelt koveter for 4 500 tonn som seinare vart utvida til 4 750 tonn. Når reguleringa gjekk mott slutten, og ein fekk oversikt over reelt mottatt kvantum og parti som ikkje vart leverte, vart det gitt tilleggskvoter til dei som framleis hadde behov for å levere meir.

Totalt vart det meldt inn 77 parti til regulering. 6 av desse vart ikkje leverte, det vil sei at 71 parti som inngår i reguleringa.

Dei første partia vart mottatt på HOFF sitt anlegg i Brumunddal den 19.1.2015.

Sorteringsrad og pris til produsent.

Ved utarbeiding av søknaden til Omsetningsrådet vart det gjort vurderingar om kor stort prisnedskrivingstilskotet pr kg burde vera. Ein kom fram til at med eit prisnedskrivingstilskot på kr 1,70 og ein sorteringsgrad på 67 %, ville det gi ein pris pr kg sams vare på kr 1,43.

Tabellen nedanfor viser sortering og pris til produsent pr kg levert vare samanlikna med reguleringa i 2008/2009. Prisen til produsent er summen av prisnedskrivinga og det som HOFF har betalt for matpotetene + avrenspris for andelen avrens.

	Mottatt kvantum brutto, kg	Mottatt kvantum netto, kg	Sortering, % andel matpotet	Prisned-skriving pr kg klasse 1	Kr pr kg levert vare brutto
Regulering 2008/09	10 232 129	6 838 545	67	1,40	1,27
Regulering 2014/15	7 047 456	4 778 685	68	1,70	1,48

Prisutvikling potet:



Figuren ovanfor viser noteringspris for potet i 2015 samanlikna med 2014 og 2013, og målpris 2015 (kilde LD)
I samband med søknad til OR, vart det frå GPS si side poengtert at ein også ville oppfordre alle omsetningssystem til å selje mest mogleg norske poteter når tilgangen og kvaliteten var så god.

Figuren nedanfor viser at det i perioden frå veke 1 til 22 i 2015 er mottatt 4 800 tonn meir norske poteter enn ifjor i den same perioden.



Figuren ovanfor viser mottak av norsk potet i perioden frå 1. nov til 31. mai for dei 3 siste åra (kilde: LD/GPS)

Import av potet frå Frankrike i perioden november – mai :



Kilde: Statistikkbanken, SSB

På tross av god tilgang på norske poteter, har importen av franske poteter auka i perioden frå 1. nov til 31. mai.. Det gjeld i hovudsak Amandine poteter som blir selt til ein høgare pris enn norske poteter. Importen av matpotet frå andre land enn Frankrike, var mindre i sesongen 2014/15 enn sesongen 2013/14 slik som vist i tabellen nedanfor.

Potetimport

	2013/2014	2014/2015
Nov	2 067	1 951
Des	2 129	2 260
Jan	2 407	2 265
Feb	3 554	2 432
Mars	6 711	5 121
April	8 335	6 085
Mai	8 070	7 493
Sum	33 273	27 607

Kilde: Statistikkbanken, SSB
Tal i tonn (gjeld import av potet både til konsum og industri)

Kostnader til prisnedskriving, frakt og prøvetaking:

Tabellen nedanfor viser mottatt kvantum matpotet (klasse1) og kostnader knyta til prisnedskriving, frakt og prøvetaking for reguleringa:

	Kvantum matpotet, kg	**Prisnedskriving, kr**	**Frakt, kr**	**Prøvetaking, kr**	**Sum kr**
Regulering	4 778 685	8 123 765	62 410	42 800	8 228 974

Budsjett og rekneskap for reguleringa:

Tabellen nedanfor viser totalkostnader for regulering sett i høve til budsjett

Regulering	**Budsjett, kr**	**Rekneskap, kr**
Prisnedskriving	8 500 000	8 123 765
Frakttilskot	400 000	62 410
Prøvetaking	80 000	42 800
Adm. kostnader, HOFF	100 000	100 000
Lagerleie	1 611 150	1 418 605
Rentekostnader	517 000	455 654
Sum, kr	**11 208 150**	10 203 234

Kommentarar til rekneskapet:

- Fordi kvantumet vart noko lågare enn 5 000 tonn, er kostnader til prisnedskriving lågare enn budsjett.
- Frakttilskotet har blir lågare enn budsjett fordi ein i stor grad klarte å ta inn potetene ved nærmaste mottak.
- Kompensasjon til HOFF for lagerleige og rentekostnader er noko mindre enn budsjett fordi produsert kvantum potetstivelse er noko mindre enn budsjett.

Erfaringar – kommentarar til reguleringa.

1. GPS har ein gong tidlegare gjennomført marknadsregulering av potet. Det var i 2009. Før den tid vart det gjennomført regulering i 1998. Den gongen var det Gartnerhallen som marknadsregulator som gjennomførte reguleringa.
2. Erfaring frå reguleringa i 2009 viste at det var viktig å komme tidleg i gong med leveringa. Det er i månadene januar og februar og tida før påske at HOFF har mest ledig kapasitet til å ta imot reguleringspotet.
3. Graveprøvane i potet viste at ein kunne venta store potetavlingar i 2014. Då potetopptakinga starta for fullt, kom det meldingar om at avlingane var store. Dette gjorde at GPS tidleg på hausten starta arbeidet med å vurdere og førebu ein søknad om å regulere potet.
4. Søknad til Omsetningsrådet om å regulere potet vart sendt til Landbruksdirektoratet den 25.11.2014
5. Omsetningsrådet gjorde vedtak om å regulere potet den 12.12.2014.

6. Dei bedriftene som hadde meldt inn behov om eit overskot av sorten Asterix, fekk tilsendt informasjon om vedtaket som var gjort i Omsetningsrådet og brev om tildelt kvote den 15.12.2014.
7. Dei første innmeldingane kom til GPS den 14.01 2015 og inntaket til HOFF starta den 19.01.2015.
8. Etter retningslinene som gjeld for avsetningstiltak potet, kan slik regulering skje enten ved levering til fabrikk eller som sal til fôr. Det har dei siste åra blitt etablert fleire fellesfjøs med relativt store besetningar. Fleire av desse har fullfôringsanlegg og det er aktuelt for desse å bruke potet som råstoff dersom dei får jamn tilgang på potet ein lenger periode. Pga store utfordringar med mellom anna å administrere ei regulering som gjeld sal til fôr, valde ein å søke om regulering som galdt levering til industri.
9. Eitt viktig mål med marknadsreguleringa er at reguleringa skal bidra til at produsentane kan oppnå målpris. Erfaringar dette året var at reguleringa bidrog til å skape ro rundt marknadsprisen, men ein klarte ikkje å heve prisen opp til målpris. Importprisane låg vesentleg under norsk pris. For å unngå at kjedene ville prioritere import framfor norske poteter, vart det vurdert at prisen ikkje måtte bli for høg.
10. Totalt sett har det administrative arbeidet med reguleringa og samarbeidet med HOFF gått svært bra. GPS har ikkje mottatt klager frå omsetningssystem, pakkeri eller produsentar på gjennomføring av reguleringa.

Stavanger den 28. juli 2015
GPS – Avsetningstiltak
Bjørn Eidhammer